



# Innhald

---

Del I: Årsmelding frå styret	4
Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal	7
Del III: Aktivitetar og resultat 2019	10
Sektormål 1 – Høg kvalitet i utdanning og forsking	10
Sektormål 2 - Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling	13
Sektormål 3 – God tilgang til utdanning	15
Sektormål 4 – Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem	16
Utviklingsavtalen med KD	18
Samfunns- og effektmål for byggeprosjekt	19
Midlar til oppgradering av forskings- og læringsareal	20
Midlar tildelt over andre kapittel	20
Del IV: Styring og kontroll i verksemda	22
Del V: Vurdering av framtidsutsikter	25
Del VI: Årsrekneskap 2019	34
Vedlegg: Rapportering av status og aktivitet likestilling og mangfold	60

# Kunnskap for framtidia

**Høgskulen i Volda**  
Postboks 500  
6101 Volda  
Telefon: 70 07 50 00  
postmottak@hivolda.no


[www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

**hivolda** (Facebook, Instagram, Snapchat og Twitter)

**Trykk**  
Printing As

**Framsidefoto:**  
Jonas Közle

**Foto:**  
Marius Beck Dahle



## Del I - Årsmelding frå styret

1. august 2019 fekk Høgskulen i Volda nytt styre. Kunnskapsdepartementet oppnemnde fire eksterne styremedlemmar, det vart valt fire nye tilsetterepresentantar og to nye studentrepresentantar. Styreleiar (rektor) og ein av dei eksterne styremedlemmane var også med i styret i førre periode.

Høgskulestyret hadde i 2019 ni styremøte. Tre av dei vart gjennomført som telefonmøte. UH-landskapet, grunnskulelærarutdanningane og framdrift på nytt mediehus har vore oppe som sak eller til orientering på alle møta. Det har vore mykje ekstra aktivitet knytt til arbeidsmiljøsaka ved Avdeling for mediefag i andre halvår 2019.

Styret er nøgd med den overordna økonomiske gjennomføringa i 2019. Resultatet er på nivå med budsjettet, og avsetningane er redusert. Vidare har høgskulen som tidlegare år eit godt resultat på gjennomføringsgrad på bachelorgradene og stor internasjonal utveksling av studentar.

Område vi framleis må bli betre på er publisering og BOA-inntekter per fagtilsett, og gjennomføringsgrad på mastergradene. Også rekruttering av tilsette med førstekompetanse/topp-kompetanse er noko vi må arbeide med.

Styret ser alvorleg på at mykje av merksemda siste halvår i 2019 gjekk til arbeidsmiljøsaka på Avdeling for mediefag, og dei uheldige verknadane denne saka har hatt både for studentar, tilsette og anna pågåande arbeid ved høgskulen. Høgskulen måtte blant anna trekke søkerne om å verte Senter for framifrå utdanning» (SFU), noko styret ikkje er tilfreds med.

### **Utdanning**

Høgskulen i Volda har eit godt studietilbod som møter både regionale og nasjonale behov for livslang læring. Tilboda gjev tenleg tilgang på grunn- og vidareutdanning gjennom kombinasjonar av undervisning på høgskulen og over Internett. Dei fleste vidareutdanningstilboda er retta mot grunnskulelærarar.

Etter ein relativt stor nedgang i resultata i Studiebarometeret for 2017, har vi dei siste åra arbeidd aktivt med analyse og forbetring. Det har vore særleg fokus på studentinvolvering, informasjon til studentane, tydeleggjering av studieprogramleiarrolla og studentane sine roller som tillitsvalde. Både i 2018 og 2019 fekk høgskulen betre resultat og er no på nivå med tidlegare år.

I august 2019 fekk høgskulen godkjent sin første erfaringsbaserte mastergrad: Erfaringsbasert master i undervisning og læring i fire skulefag. Første kull vert teke opp studieåret 2020/2021. Dette er eit strategisk satsingsområde og er eit viktig tilbod til dei som har tatt grunnskulelærarutdanning før krav om master kom i 2017. Masterløypene vert tilbydd i samarbeid med grunnskulelærarutdanninga.

I bachelorgradene gjennomførte 58 % av kandidatane på normert tid i 2019. Det er lågare enn i 2018 (65 %). I masterstudia var det 28 % gjennomføringsgrad i 2019, likt med 2018. På bachelornivå er det berre Kunsthøgskolen i Oslo og Norges Idrettshøgskole som har høgre gjennomføringsgrad, medan på masternivå ligg Høgskulen i Volda lågast i sektoren. Dette skuldast mellom anna at høgskulen har høg snittalder på masterstudentane der mange kombinerer studia med jobb og familie.

Høgskulen i Volda har framleis stor internasjonal utveksling av studentar. Avdeling for mediefag står for ein stor del av utvekslinga, og det er potensiale for å auke talet på utreisande frå andre studieretningar. I masterutdanningane for grunnskulelærarar er det no lagt godt til rette for utveksling. Den internasjonale studentkonferansen It's Volda som vart arrangert for første gong i 2019, skal også bidra til å få internasjonale perspektiv inn i lærarutdanninga for dei studentane som ikkje har høve til å reise på utveksling.

NOKUT skal i 2020 føre tilsyn med Høgskulen i Voldas kvalitets-system og korleis kvalitetsarbeidet vert utført. Dei studieprogramma som skal evaluerast særskilt er Bachelor i musikk, Bachelor i journalistikk, spesialisering avis /nett, Master i kul-

turmøte og ph.d.-programmet i helse- og sosialfag som vi har saman med Høgskolen i Molde.

## FoU

Høgskulen i Volda er mellom dei i sektoren som har lågast inntekt frå bidrags- og oppdragsaktivitet (BOA) per fagtilsett og som har færrest publikasjonspoeng per fagtilsett.

I 2019 har det vore ein lita auke i BOA-inntekter frå NFR og EU, og ein litt større auke i tilskot som ikkje kjem frå NFR, RFF og EU. Det har også vore ein liten oppgang i talet på publikasjonspoeng pr. faglege årsverk. I 2019 innførte vi nye tiltak for å auke publiseringa og sende fleire søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder. Høgskulen har no forskningssjef i full stilling for å gi betre støtte til søknadsarbeidet om eksterne forskingsmidlar. Forskingsgruppene har fått økonomisk støtte for å få opp forskingsaktiviteten, skrive fleire vitskaplege artiklar og intensivere arbeidet med søknader om eksterne forskingsmidlar. Det vert delt ut såkornmidlar årleg for å stimulere forskarane til å søkje om eksterne midlar. Ein auke i talet på FoU-stipend frå 10 til 15 bør også gi auka publisering i åra som kjem. Styret er ikkje nøgd med FoU-resultata for 2019 og vil framleis ha stor merksemd på utviklinga av BOA-inntekter og vitskapleg publisering. Styret vil også følgje nøyne med på effektane av dei nye tiltaka.

## Organisasjonsutvikling og effektivisering

Samla sett vert drifta ved høgskulen vurdert som effektiv. Både fellesadministrasjonen og administrasjonen ved avdelingane har dei siste åra opplevd aukande arbeidspress knytt til stor vekst i studentar, og har måttta effektivisere drifta for å handtere saks mengda. Vi har arbeidd systematisk med analyse av arbeidsprosessar for å legge til rette for digitalisering. Høgskulen vil bruke fellesløysingar i sektoren og gi god opplæring, for at nye system skal gi god verknad.

Det var totalt 351 årsverk tilsette ved høgskulen i 2019. Dette er ein vekst på 12 årsverk samanlikna med 2018 og ein vekst på 45 årsverk (15 %) samanlikna med 2015. Veksten er i hovudsak på faglege stillingar. Høgskulen har fått fleire mellombels tilsette dei siste åra. Vi vil snu denne utviklinga ved å tilsette fleire i faste stillingar der vi kan.

Dei samla driftsinntektene i 2019 var på 398 mill. kroner som er på nivå med fjoråret. Ordinært driftsresultat var på -12,3 mill. kroner. Dei samla avsetningane vart redusert med 12,5 mill. kroner i 2019; frå 87 mill. kroner til 74 mill. kroner. Det er budsjettert med vidare nedbygging av avsetningane i 2020.

Vi ser store investeringsbehov i dei nærmaste åra. Det gjeld ikkje minst i samband med inventar og utstyr til nytt mediehus og påfølgjande ombygging av frigjorte undervisningslokale i eldre bygningsmasse.

## Tilhøve som har verka inn på resultata

Mediehuset som kurantprosjekt vart godkjent i august 2019, og byggearbeidet starta i november. Det er planlagt innflytting sommaren 2021. Arbeidet med campusutviklingsplan 2.0, i samarbeid med Statsbygg, starta opp våren 2019, og skal vere ferdig første halvår 2020. Det har vore arbeidd mykje internt og i samarbeid med Statsbygg og andre i begge desse prosjekta i 2019.

Avsetningane har auka sidan 2012. I samband med dette vart det i 2018 gjort vedtak i høgskulestyret om å sette tak knytt til avsetningar på avdelingar og fellesadministrasjon. Dette har ført til ein vesentleg reduksjon av avsetningane i 2019 og med ein vidare planlagd reduksjon i 2020. Midlane har i stor grad gått til kompetanseoppbygging og nedbygging av timesaldoer fagtilsette, ekstra ressursar i samband med større prosjekt og investeringar i lokale og utstyr.

Høgskulen har siste åra hatt rundt 4.000 studentar, med ein vekst til 4.500 hausten 2019. Budsjettet har i liten grad vorte styrka i form av nye studieplassar i same periode. Dette har ført til stort arbeidspress i mange einingar ved høgskulen. Det er høg aktivitet knytt til vidareutdanning for grunnskulelærarar finansiert gjennom statlege program og denne er venta å fortsette nokre år framover. Det har ikkje vore eit mål å auke studenttalet siste åra og for neste studieår bør målet vere å redusere tal på eigenfinansierte studentar.

### Viktigaste prioriteringar for 2020

Høgskulen inngjekk utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet frå og med 2019. Denne avtalen baserer seg på strategiplanen for 2017-2020. Mål som er sett i utviklingsavtalen er:

- utvikle ei kvalitativt god og særmerkt femårig grunnskulelærarutdanning med digital og internasjonal profil
- vidareutvikle Høgskulen i Volda sin posisjon som ein framifrå studiestad for yrkesretta medieutdanning i Noreg ved å satse på teknologi, kompetanseheving, undervisningslokale og nærleik til praksisfeltet

- å arbeide tverrfagleg med eit framtidsperspektiv på kunnskap for at utdanningane og forskinga vår skal vere best mogleg tilpassa dei behova samfunnet har i framtida
- rekruttere og utvikle toppkompetanse for å gje høgskulen, studentar og arbeidslivet tilgang til høg og oppdatert kunnskap

HVO sin noverande strategi er gjeldande for perioden 2017-2020. Arbeidet med ny strategi for 2021-2024 er starta opp og skal vere ferdig i desember 2020. Prosessen er planlagt med stor grad av involvering av dei tilsette, styret og andre aktørar. Arbeid med strategisk utvikling av studieporteføljen vil vere eit viktig element i prosessen. Med utgangspunkt i strategiplanen og ei vurdering av korleis ein skal nå dei strategiske måla, skal ein også greie ut moglegheiter og utfordringar med å halde fram som ein mindre, skarpt profilert høgskule eller eit forpliktande samarbeid med andre institusjonar i UH-sektoren.

Volda, 5. mars 2020, Høgskulen i Volda ved styret



Johann Røppen



Eirik Søvik



Simen Langeland



Randi Myklebust



Cecilie Røeggan



Ingunn Granberg  
Hestnes for Roar Tobro



Guro Laurendz Kvist



Silje Louise Dahl



Geir Terje Ruud



Bodil Palma  
Hollingsæter



Inger Østensjø

## Del II: Introduksjon til verksemda og hovedtal

Høgskulen i Volda er høgskulen for human- og samfunnsvitenskapane i Møre og Romsdal. Vi gjev fag- og profesjonsutdanninger på bachelor-, master- og ph.d.-nivå for skule og barnehage, velferd, media og kultur.

### HVO sin visjon er Kunnskap for framtida

**Strategiplanen for 2017-2020 seier at HVO skal:**

- tilby solide masterutdanninger for grunnskulelærarar og vere hovudleverandør av lærarar til regionen
- vere den leiande yrkesretta medieutdanninga i Norge
- i samarbeid med mellom andre Universitetet i Bergen, Nynorsk kultursentrums og Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa – ta eit særleg ansvar for forsking på nynorsk språk og litteratur og sikre nynorsk som fagspråk
- vere i front når det gjeld å utvikle fleksible utdanningstilbod av høg kvalitet
- vidareutvikle studietilbodet på ph.d.-nivå i helse- og sosialfag saman med Høgskulen i Molde og satse på tverrfagleg helsefremjande kompetanse

### Forsking og utvikling (FoU)

HVO har som mål å drive forsking og utviklingsarbeid med høg kvalitet på ein slik måte at det gir utdanningstilboda eit solid fagleg grunnlag. Høgskulen har 237 faglege årsverk, og om lag halvparten av desse har førstekompetanse.

Dei strategiske satsingsområda for FoU er nye grunnskulelærarutdanninger (GLU), ny engelskspråkleg masterutdanning i mediefag og ph.d.-utdanninga.

### Studietilboda

HVO tilbyr 19 bachelorprogram, fleire lærarutdanningsprogram, ei rekke årsstudium og vidareutdanninger på heiltid, deltid og nett.

Høgskulen har følgjande mastergrader: Grunnskulelærarutdanning for 1. – 7. trinn (masterfordjuping i faga norsk, matematikk og spesialpedagogikk), Grunnskulelærarutdanning for 5. – 10. trinn (masterfordjuping i faga norsk, engelsk, matematikk, samfunnsfag og spesialpedagogikk), Kulturmøte, Sosial- og helsefag, Meistring og myndiggjering, Nynorsk skriftkultur, Samfunnsplanlegging og leiing, Undervisning og læring med spesialisering i norsk, matematikk og spesialpedagogikk, og Master in Media Practices.

HVO tilbyr ph.d. i helse og sosialfag som ein fellesgrad i lag med Høgskolen i Molde.


### Fleksible studieformer

Med vel 1.200 nettstudentar er HVO ein stor tilbydar av distanseoverrigande studium. Høgskulen arbeider kontinuerleg med å legge til rette for livslang læring med høg fagleg kvalitet og stor fleksibilitet i organisering og gjennomføring. Fleksible studieformer gjer det mogleg å kombinere studium og arbeid, eller studium og andre aktivitetar.

### Internasjonalisering

HVO har eit aktivt internasjonalt engasjement, og er mellom dei beste i Noreg på internasjonal studentutveksling. Høgskulen har om lag 120 utvekslingsavtalar med utdanningsinstitusjonar i over 40 land. Studentar på bachelor- og masterstudia har høve til ta eit semester i utlandet. Ved mange av studia er det også mogleg å gjennomføre praksis utanfor Noreg. HVO tek kvart år imot om lag 200 studentar frå heile verda.

## Organisasjonskart



i

Høgskulestyret er det øvste organet ved institusjonen. Styret har følgjande elleve medlemmar: Rektor, tre medlemmar valde mellom tilsette i undervisnings- og forskarstilling, eitt medlem valt mellom dei teknisk og administrativt tilsette, to medlemmar valde mellom studentane og fire eksterne medlemmar utpeika av Kunnskapsdepartementet. Høgskuledirektør og prorektor har møteplass til alle styremøte, med tale- og forslagsrett.

## Hovudtal

	2017	2018	2019
Årsverk tilsette	326	339	351
Av dette årsverk i UFF-stillingar	211	231	237
Registrerte studentar	4 184	4 096	4 500
Studiepoengproduksjon totalt	2 613	2 654	2 691
Doktorgradsdisputasar	2	5	3
Totale driftsinntekter mill. kroner	388	398	398
Av dette løyving	351	359	360

Fleire nøkkeltal finn ein i NSDs Database for statistikk om høgare utdanning: [dbh.nsd.uib.no](http://dbh.nsd.uib.no)

## Del III – Aktivitetar og resultat 2019

Høgskulen i Volda har høg aktivitet og i 2019 hadde vi 4.500 registrerte studentar, noko som er ny rekord. Vi er glad for at mange vil studere ved høgskulen, men ser også at mange studentar gjev oss utfordringar knytt til kapasitet på høgskuleområdet og kapasitet hos dei tilsette. Høgskulen har ikkje som mål å vekse meir i tal studentar, men heller å få litt færre studentar slik at vi sikrar god oppfølgjing av den enkelte student, eit godt læringsmiljø og nok tid til forsking.

I det følgjande vert resultat og måloppnåing for dei nasjonale styringsparametra kommenterte under kvart verksemdmål. Til slutt i kapittelet rapporterer vi på utviklingsavtalen med KD, pågående byggeprosjekt, tildelte midlar til oppgradering av forskings- og læringsareal og på ekstra løyingar over statsbudsjettet.

### Sektormål 1 – Høg kvalitet i utdanning og forsking

#### Nasjonale styringsparametrar

1. Delen bachelorkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid
2. Delen masterkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid
3. Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar
4. Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten
5. Talet publikasjonspoeng per fagleg årsverk
6. Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FOU-årsverk
7. Delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet studentar

#### Verksemdmål 1.1 HVO skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og gjennomstrøyming

#### Styringsparametrar

- Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten
- Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar
- Delen bachelorkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid
- Delen masterkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid
- Tal primærskjarar i samordna opptak
- Tal kvalifiserte primærskjarar per studieplass

#### Vurdering av resultat og måloppnåing

Høgskulen i Volda har hatt ein liten auke i talet på kvalifiserte

sökjarar gjennom Samordna Opptak, men talet på kvalifiserte sökjarar per studieplass har ikkje endra seg. Vi har hatt ein stor auke i talet på studentar, men auken er hovudsakleg knytt til eksternfinansierte studieprogram (personleg trener) og til nettstudium.

I 2019 har det vore arbeidd mykje med studiekvalitet og revisjon av kvalitetssystemet. Tiltakslista som blei utarbeidd etter Studiebarometeret i 2018, er gjennomført, og oppfølgjing av Studiebarometeret er integrert i kvalitetssystemet. Svarprosenten på Studiebarometeret har vore høg og det har vore ein liten auke i den generelle tilfredshesta i 2019, men vi ligg framleis litt under landsgjennomsnittet. Vår ambisjon er å vere på landsgjennomsnittet, og helst litt høgare. Handlingsplan for studiekvalitet er vedteken i styret, og HVO har levert institusjons- og studieprogramrapportane i samband med NOKUT-tilsyn.

Kvar avdeling har jobba med å styrke den faglege leininga av utdanningsprogramma. Avdeling for humanistisk fag og lærarutdanning er i tillegg i gang med kompetansebygging for studieprogramleiarar på lærarutdanninga gjennom eit samarbeid i UH-Nett vest.

Heiltidsstudentane på HVO rapporterer gjennom Studiebarometeret at dei brukar kortare tid på å studere enn gjennomsnittet i landet, men dei melder om litt høgare tidsbruk i 2019 samanlikna med 2018.

HVO har samanlikna tidsbruken på dei største utdanningane våre med gjennomsnittet i sektoren for dei same typene av utdanninger. Resultata er presenterte i tabellen nedanfor.

Tid brukt på studiar pr. veke	HVO	Snitt i sektoren
Master i grunnskulelærar 1-7	33,2	31,7
Master i grunnskulelærar-utdanninga 5-10	29,6	28,2
Sosionom	39,1	30,5
Barnevernspedagog	32,3	33,9
Barnehagelærar	31,0	36,1
Journalist avis/nett	27,4	28,8
Journalist TV/radio	28,6	28,8

Kjelde: Studiebarometeret.

Vi ser at høgskulen ligg høgare eller i nærleiken av snittet på dei fleste utdanningane. Unntaket er Barnehagelærar der vi ligg langt under snittet for sektoren. På barnehagelærar er det nokre studiestader som dreg kraftig opp landsgjennomsnittet. Det er Porsgrunn med 61,8 timer og Vesterålen med 49,9 timer gjennomsnittleg tidsbruk pr veke. På bakgrunn av desse tala vurderer høgskulen det slik at studentane ved Høgskulen i Volda brukar om lag like mykje tid på studia som studentar på tilsvarende studium ved andre institusjonar i sektoren. Desse tala vert i stor grad påverka av fagporteføljen til høgskulen. Vi er likevel ikkje nøgd med tala studentane våre oppgir, og vi vil halde fram arbeidet med å utvikle krevjande og givande studieprogram.

Avdelingane har innført obligatorisk undervisning og obligatoriske aktivitetar på våre profesjonsutdanningar og på stadig fleire masterutdanningar for å auke læringstrykket i utdanningane. På GLU blir det arbeidd systematisk med kvalitetsarbeid i undervisninga blant anna i kvalitetsutvala på kvart emne. Det er tett oppfølging frå GLU-teamet for å sikre kvaliteten på dette arbeidet. Det blir gjennomført fleire årstegsmøte gjennom året for å gje tettare oppfølging til den emneansvarlege. Det blir gjennomført individuelle samtaler med alle nye studentar første året.

I den nye campusutviklingsplanen til høgskulen vil det komme tiltak som skal kunne utvikle eit høgskuleområde som i større grad inviterer til faglege og sosiale studentaktivitetar frå morgen til kveld, mellom anna for å auke tida studentane nyttar på studiet. HVO fekk i 2019 kr 150.000,- frå Nasjonalbiblioteket til å planlegge eit bibliotek som betre legg til rette for eit ope og godt læringsmiljø.

Vi jobbar kontinuerleg med tiltaka i handlingsplanen for gjennomstrøyming. Vi såg ein auke i gjennomstrøyming på normert tid på master frå 20,3 % i 2017 til 28 % i 2018. I 2019 har dette talet gått enno litt opp til 28,4 %. I 2019 har det også vore ein auke i kandidatproduksjonen på mastergrader. Det har vorte gjort ein særleg innsats for å få gjennom studentar som er forsinka i masterlopet sitt. HVO har starta ei eiga rettleiarutdanning for fagtilsette som skal rettleie på masteroppgåver ved HVO. Vi trur på betring av fullføring på normert tid når kulla på GLU kjem med i statistikken, fordi desse utdanningsløpa har fleire heiltidsstudentar og meir strukturerte løp enn dei andre masterløpa. På Master i Media Practices har 31 % fullført etter fire semester og 48 % etter 5 semester. Dette er eit meir strukturert masterløp med fleire heiltidsstudentar.

Alle masterutdanningar ved HVO kan takast som heil- eller deltidsutdanningar. Avdelingane gjennomfører no samtal med alle nye studentar tidleg i haustsemesteret for å gjere studentane merksame på kva krav vi stiller til det å vere masterstudent anten på heil- eller på deltid. Slik kan studentane på heiltid vurdere om dei skal søkje seg over på deltid.

Vi såg eit fall i gjennomstrøyminga på bachelor frå 65 % i 2016 til 61,3 % i 2017, medan vi løfta oss tilbake til 65,5 % i 2018. I 2019 har vi gått ned igjen til 58 %, men vi ligg framleis godt over gjennomsnittet for sektoren på 49 %. Det er dårleg gjennomstrøyming på bachelorgraden i idrett og i friluftsliv, fordi mange studentar sluttar etter 2. året. Vi skal no gjere endringar i studieløpet frå hausten 2020 for å betre gjennomstrøyminga. Også på journalistikk er det dårlegare gjennomstrøyming, og det kan kome av at bachelorgraden har to ulike løp. Våren 2020 vil vi vurdere å endre dette.

Gjennomstrøyminga på Grunnskulelærarutdanninga 1-7 er 58 % på normert tid studieåret 2019 . På Grunnskulelærarutdanning 5-10 fullførte 65 % på normert tid. Dette er gode tal samanlikna med resten av sektoren.

HVO har laga ein digitaliseringsstrategi der det mellom anna står «studentane skal møte aktiviserande og varierte digitale lærings- og vurderingsformer» og «HVO skal legge rette for digital samhandling mellom studentar, og mellom studentar og undervisarar». Mange fagmiljø har lange tradisjonar for bruk av digital teknologi i opplæringa mellom anna i fleksible studium. For at fleire enn eldsjelene skal ta i bruk digital teknologi, har HVO også organisatorisk støtte til undervisarane. Vi har tilbod om didaktisk rettleiing knytt til planlegging, til dømes emneplandesign, gjennomføring og vurdering av undervisning. Det blir også lagt vekt på at tilsette ved HVO deler undervisningsfaringar i "digital lunsj". Læringsverkstaden, som blei etablert i 2019, er eit tiltak for å auke digital kompetanse hos studentar og tilsette ved HVO gjennom tilbod om kurs, rettleiing og utprøving av digitale verktøy i verkstaden.

Det er utvikla og gjennomført to kurs i høgskulepedagogikk som har som mål å utvikle den digitale kompetansen til dei tilsette; Digital didaktikk i mitt fag og Profesjonsfagleg digital kompetanse for grunnskulelærarutdanninga.

Studieåret 2018-2019 har det vore jobba med å følgje opp Heilt ærleg - Shot 2018, den nasjonale helse og trivselundersøkinga blant studentane. 69 % svarer at studentmiljøet i Volda er godt, men det er alvorleg at 36 % av studentane våre seier at dei har alvorlege symptom på psykiske plager. Landsgjennomsnittet er 27 %. Det kan til ein viss grad forklarast med at HVO har om lag 70 % kvinnelege studentar og kvinner er 2-3 gongar så flinke til å seie frå om psykiske plager som mannlege studentar. Resultata frå SHOT-undersøkinga førte til opprettning av ei arbeidsgruppe sett saman av representantar frå HVO, Studentsamskipnaden og Studentparlamentet. HVO fekk tildelt midlar etter søknad, og arbeidsgruppa har vore pådrivar for ulike arrangement, til dømes kurs om studieteknikk og eksamensførebuing. Ei anna stor satsing i haustsemesteret 2019 har vore Psykisk helsemånad, og høgskulen har auka budsjettet til psykologtenesta, som blir driven av Samskipnaden i Volda.

**Verksemål 1.2: HVO skal styrke forskingsaktiviteten og auke den vitskaplege publiseringa**

#### **Styringsparametar**

- Tal publikasjonspoeng per fagleg årsverk
- Tal søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder

#### **Vurdering av resultat og måloppnåing**

Vi har jobba måretta og gjennomført tiltak stort sett som planlagt, og konkrete resultat er venta dei neste åra. Satsinga på forskingsgrupper er det viktigaste verkemiddelet. Frå og med 2019 har forskingsgruppene fått auka økonomisk støtte for å sikre aktivitet, og det har vorte oppretta fleire nye forskingsgrupper. Talet FoU-stipend vart også auka frå 10 til 15, og det er venta at dette vil slå positivt ut på talet publikasjonspoeng i åra framover.

Forskningsgruppene har hatt fleire skriveverkstader der det har vorte arbeidd med vitskaplege artiklar og det er satsa på professor II-stillingar for å sikre støtte til tilsette som ikkje har så mykje erfaring med vitskapleg publisering. Dialog om publisering er ein integrert del av medarbeidarsamtalar. Førebelse tal viser ein liten auke i vitskapleg publisering per fagtilsett frå 2018 til 2019. Det har vore ein oppgang på nesten ti poeng i det totale talet på publisingspoeng, men auka vert ikkje så stor per fagtilsett mellom anna fordi vi framleis har ein auke i tal mellombelte tilsette knytt til mellom anna KfK (Kompetanse for kvalitet) og DeKomp (Desentralisert kompetansestrategi). Det er også ei strukturell utfordring i denne samanhengen at vi har mange praksisnære utdanningar der vi i enkelte tilsettingar prioriterer praksisnærleik framfor forskingskompetanse. Likevel har vi i andre høve veklagt forskingskompetanse meir dersom denne kompetansen er tilgjengeleg.

Vi har auka talet på søknader om eksterne forskingsmidlar, og forskningssjefen og prodekanar for forsking har bidrege til mentorering og systematikk i prosjektutviklinga. I 2019 vart det sendt fem NFR-søknadar og éin EU-søknad med prosjekteilar frå HVO. Søknadene har vorte utvikla i samarbeid med forskarar frå andre institusjonar. Det vart også skrive ein stor søknad om evaluering av fagfornying som oppdragsforskning. Diverre fekk ingen av desse søknadene tilslag, men det er aktuelt å forbetre NFR-søknadene og sende dei inn på nytt i 2020.

**Verksemål 1.3: HVO skal ha eit målretta internasjonalt samarbeid som aukar kvaliteten i utdanningane og FoU-arbeidet**

#### **Styringsparametar**

- Del utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet studentar
- Tal utvekslingsstudentar – inn og utreisande

- Verdien av Horisont 2020-kontrakter per FoU-årsverk
- Verdien av EU-midlar totalt (i 1000 kr)
- Tildeling frå EU pr fagleg årsverk (i 1000 kr)

#### **Vurdering av resultat og måloppnåing**

HVO hadde ein nedgang i delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ og ligg litt under det nasjonale snittet. Dette er vi ikkje nøgd med. Det er berre studentar på bachelor- eller masterstudium som kan reise ut på utveksling. HVO har mange korte studieprogram, som til dømes vidareutdanning av ymse slag, der studentane i praksis ikkje har høve til å reise ut. Mange av studentane på desse programma er i arbeid ved sidan av og har ein familiesituasjon som gjer utreise vanskeleg. Dette gjer at mange studentar i praksis ikkje kan reise på utveksling. Vi har likevel ein generell auke på utreisande og innreisande studentar i 2019, og er nøgd med dette sjølv om vi ikkje nådde heilt opp til målet for 2019.

I 2019 har det særleg vore fokus på internasjonalisering på GLU, i tråd med handlingsplanen for internasjonalisering. Det er arrangert ein internasjonaliseringskonferanse for studentane på GLU og studieplanane er tilpassa utveksling. Vi ser at interessa for å reise på utveksling på GLU har auka. Det er innført forelesningar på engelsk i GLU for å få fleire innreisande studentar.

Det er utfordrande å få til utveksling for masterstudentar. Det er fordi masterstudentane gjerne er godt vaksne med jobb og familie ved sidan av studia. Det vert likevel jobba for å legge til rette for utveksling på alle masterutdanningane våre, mellom anna på den nye erfarringsbaserte masteren i undervisning og læring.

Det har vore ein liten auke i verdien av EU-midlar totalt frå 2018 til 2019, men dette er små summar knytte til Erasmus+-mobilitet for tilsette. Fordi vi har fått fleire tilsette i 2019, så auka ikkje tildelinga frå EU pr. fagleg årsverk. HVO har i liten grad klart å skaffe finansiering frå EU, men vi satsar på fleire søknader mot Horisont Europa frå og med neste år.

I løpet av dei siste åra har det vore ei auke i vitskaplege tekstar publiserte på engelsk ved HVO. I 2018 var 46 av 80 vitskaplege publikasjonar forfatta av HVO-forskarar skrive på engelsk slik at forskinga kan nå ut internasjonalt. Nasjonalt hardelen artiklar som vert publisert i internasjonalt samforfattarskap auka jamt frå 44 % i 2012 til 55 % i 2018. Ved HVO har internasjonalt samforfattarskap i same periode variert mellom 2 % og 15 % utan at det er ein tydeleg trend at talet aukar. Den låge delen av publikasjonar med internasjonalt samforfattarskap ved HVO er med på å trekke ned utteljinga for vitskaplege publikasjonar, og vi bør sjå på tiltak som kan vere med på å auke talet på publikasjonar med internasjonalt samforfattarskap.

<b>Tabell til sektormål 1 Styringsparametrar</b>		<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>Ambisjon 2019</b>
Del bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid	KD	61 %	65 %	58 %	65 %
Del masterkandidatar som gjennomfører på normert tid	KD	20 %	28 %	28 %	30 %
Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten	KD	3,7	3,9	4,0	4,1
Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar	KD	31	28	30	35
Tal publikasjonspoeng per fagleg årsverk	KD	0,51	0,42	0,45*	0,5
Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk	KD	0	0	0	5
Del utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar	KD	0,9 %	1,2 %	0,9 %	1,5 %
Tal primærsøkjurar i samordna opptak	HVO	1 263	1 349	1 349	1 400
Tal kvalifiserte primærsøkjurar per studieplass	HVO	1,7	1,5	1,5	1,6
Tal utvekslingsstudentar - inn og utreisande	HVO	249	233	239	250
Tal på søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder	HVO	I/T	I/T	7	5
Verdien av EU-midlar totalt (i 1000 kr)	HVO	292	249	259	500
Tildeling frå EU per fagleg årsverk (i 1000 kr)	HVO	1,4	1,1	1,1	2,1

\*) Førebels tal. Endeleg tal vert rapportert 1. april.

## Sektormål 2 – Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

### Nasjonale styringsparametrar

- Bidragsinntekter frå Forskringsrådet per fagleg årsverk
- Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk
- Delen masterkandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning

**Verksemål 2.1: HVO skal ha ein studieportefølje som er relevant for samfunnsutfordringane i framtida**

### Styringsparameter

- Delen masterkandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning (tal ikkje tilgjengeleg)
- Registrerte studentar på emna innafor digital kompetanse i lærarutdanninga (DigiGlu)

### Vurdering av resultat og måloppnåing

Høgskulen nyttar SEFØ-modellen når ein skal opprette nye studietilbod, der den strategiske vurderinga i stor grad er knytt til arbeidslivrelevans og korleis våre studietilbod møter behova i regionen. HVO er i dialog med fylket og arbeidslivet for å sjå korleis vi kan sikre etter- og vidareutdanning tilpassa regionens

behov, og HVO deltek i regionale fora der vi diskuterer regionalt kompetansebehov.

Høgskulen har ei særleg satsing på digital kompetanse i lærarutdanninga, og vi har nådd måla våre om tal studentar å desse emna. Fleire av emna har blitt utvikla i nær dialog med kommunane i regionen, den såkalla Ulstein-modellen, og tilbodet er etterspurt. Prosjekta DigiGLU og DigiHand der vi forskar på digitale læringsprosessar i skulen er i rute, og læringsverkstaden der studentar og tilsette får opplæring i digital kompetanse kom på plass i 2019.

Høgskulen i Volda si satsing på Framtidsferdigheiter gjennom utviklingsavtalen er sett i verk for å gjere studentane betre rusta for framtida. Det står meir om utviklingsavtalen seinare i kapittelet.

Høgskulen i Volda er ein profesjonsretta høgskule og det er mykje praksis i våre utdanninger. I lærarutdanningane blir representantar frå praksisfeltet trekt med i arbeidet med utviklinga av studia, og det blir arbeidd systematisk med tilbakemelding og evaluering av praksisopphold i alle utdanninger.

**Verksemdmål 2.2: HVO skal vere ein attraktiv samarbeidspartner for utvikling, innovasjon og verdiskaping**

#### **Styringsparametar**

- Bidragsinntekter frå Forskningsrådet per fagleg årsverk
- Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk

#### **Vurdering av resultat og måloppnåing**

Høgskulen i Volda har ikkje lukkast med å auke bidragsinntektene frå Forskningsrådet noko særleg. Vi ser at det er utfordrande å nå fram med prosjektsøknader på eiga hand då vi ikkje har mykje prosjekterfaring og publisering å vise til. Intern kompetanseutvikling er eit sentralt tiltak for å bøte på dette.

Når det gjeld andre BOA-inntekter har høgskulen hatt ein auke på 10 % samanlikna med 2018. Vi har fleire BOA-prosjekt i kjømda, og har tru på vidare utvikling.

Plan for framtidig satsing på digital kompetanse i læring (DKL) var sett opp som eit tiltak for å auke BOA-inntektene. DKL-miljøet er utvida for å kunne møte behova frå regionen, men dagens modell gir ikkje BOA-inntekter. Ei arbeidsgruppe har vurdert den interne organisatoriske tilknytinga for DKL, og ei eventuell vidare utviding må vurderast opp mot det økonomiske grunnlaget.

Å utvikle samarbeid med regionane i tilknyting til REKOMP (regional kompetansestrategi) og DEKOMP (desentralisert kompetansestrategi) var eit anna tiltak. ReKomp og DeKomp er i full aktivitet, og Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning har styrka administrasjonen på grunn av auka EVU-aktivitet.

Kunnskapsdepartementet har bede høgskulen om å vurdere korleis høgskulen kan bli meir relevant for regionalt næringsliv. EU-programmet Horisont Europa har som målsetting («pilar») å bidra til: «Globale utfordringar og konkurransedyktig næringsliv». Eitt av arbeidsområda under denne pilaren er: «Kultur, kreativitet og inkluderande samfunn», og det aller meste av fagleg aktivitet ved høgskulen fell innanfor dette arbeidsområdet. Høgskulen vil i år som kjem difor utforske potensialet

dette kan gi oss for EU-finansiering av forskingsprosjekt.

Næringslivet i vår region er globalt orientert og har spisskompetanse på mange teknologiske fagområde som andre institusjonar enn Høgskulen i Volda har kompetanse på. Det er truleg gjennom fagmiljøa på mediefag og administrasjon/leiing at vi kan kome mest direkte i inngrep med næringslivet. Det siste året er vi blitt med i flere regionale bedriftsnettverk: iKuben i Molde, i samarbeidsprosjektet «Skaparhuset» i Ulsteinvik og i «Framtidslaben» i Ålesund. På desse arenaene møter vi ei rekke regionale næringslivsaktørar. I tillegg har vi i mange år vore medlem i Kunnskapsparken i Ålesund og tek sikte på å samarbeide tett med Kunnskapsparken i Ålesund, iKuben og andre aktørar i realiseringa av Kunnskapspark i Volda i 2021-2022.

**Verksemdmål 2.3: HVO skal ta aktivt del i samfunnsdebatten regionalt og nasjonalt**

#### **Styringsparametar**

- Interne FoU-poeng per fagleg årsverk

#### **Vurdering av resultat og måloppnåing**

Forskningsdagane vart evaluerte på slutten av 2018 i sak 36/18 i Forskningsutvalet. Særleg fire område vart trekt fram i drøftinga: Geografisk nedslagsfelt, fagleg fokus, ressursbruk/omfang og festival versus kontinuerleg formidling. Dette resulterte mellom anna i at vi i 2019 var til stades på fleire stader i regionen under Forskningsdagane.

Gjennom resten av året har dei fagtilsette delteke på mange ulike kunnskapsdelingsarenaer og skrive kronikkar til forskjellige aviser og tidsskrift. Det er ei jamn utvikling på talet interne formidlingspoeng totalt, men det har vore ein nedgang i interne formidlingspoeng pr. fagtilsett dei to siste åra. Mange mellombelte tilsette i samband med KfK og Dekomp er nok forklaringa her også.

**Tabell til sektormål 2  
Styringsparametar**

		2017	2018	2019	Ambisjon 2019
Bidragsinntekter frå Forskningsrådet per fagleg årsverk	KD	11	12	12	15
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk	KD	99	94	102	111
Del masterkandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning	KD	86 %	I/T	I/T	95 %
Tal på registrerte studentar i emna digital kompetanse i LU (DigiGLU)	HVO	164	226	250	220
Tal interne FoU-poeng per fagleg årsverk	HVO	28	29	I/T	35

## Sektormål 3 – God tilgang til utdanning

### Nasjonale styringsparametar

- Kandidattal på lærarutdanningane, jf. Måltal

### Vurdering av resultat og måloppnåing

HVO uteksaminerte til saman 230 kandidatar på lærarutdanningane i 2019. Det er 31 fleire enn måltalet. HVO har ein oppgang både på GLU 1-7, GLU 5-10 og PPU/PPY, og vi legg godt over måltala på alle utdanningane bortsett frå GLU 1-7. Gjennomstrøyminga på GLU 1-7 er betre enn landsgjennomsnittet, men søkeratala for GLU 1-7 er for låge og vi får dermed ikkje utdanna nok kandidatar på denne utdanninga.

**Verksemål 3.1: HVO skal vere gode på fleksible utdanninger som kan takast uavhengig av tid, stad og livsfase**

### Styringsparametar

- Tal studentar på nett- og desentralisert undervisning

### Vurdering av resultat og måloppnåing

Det har vore ein auka på 26 % i talet på studentar på nett- og desentralisert undervisning. Auken er særleg knytte til eit desentralisert undervisningsopplegg på personleg trenar. Men vi har også fått fleire studentar på nettstudium for lærarar til dømes på norsk, profesjonsfagleg digital kompetanse for yrkesfaglærarar og religion, etikk og livssyn.

Som planlagt er det utvikla tenleg standardisering av modular i Canvas. HVO har starta sitt første heilt nettbaserte bachelorprogram og det er i historie.

Vi har fått godkjent erfaringsbasert master i GLU, og vil til

våren sende ein revidert søknad om erfaringsbasert master i samfunnsplanlegging. Vi har også vurdert om vi skulle sende ein søknad om erfaringsbasert master i barnehagepedagogikk, men kome fram til at vi heller vil arbeide med ein vanleg master innan dette feltet.

**Verksemål 3.2: HVO skal styrke Volda som regional studiestad**

### Vurdering av resultat og måloppnåing

Høgskulen er nøgd med arbeidet som er gjort i 2019 for å styrke Volda som regional studiestad. Vi tok det første spadestikket for det nye mediehuset i november 2019, og prosjektet er i rute for innflytting sommaren 2021. Arbeidet med campusutviklingsplan 2.0 med Statsbygg som prosjektleiari er nesten ferdig. Det er etablert ei ekstern referansegruppe for campusutviklingsprosjektet kalla Forum for utvida høgskuleområdet med deltakarar frå Volda kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, Volda vidaregåande skule, Studentsamskipnaden i Volda, Helse Møre og Romsdal og Volda Campus Arena AS.

Som oppfølging av SHOT blei det etablert eit prosjekt i saman med Studentsamskipnaden i Volda for å bidra til å betre den psykososiale helsa til studentane. Prosjektet fekk tilskot frå Helsedirektoratet. Studentombod er på plass i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet og HVO har fått avtale om både studenthumanist og studentprest på høgskulen. Studenthumanisten var den første i landet.

Planane for ein kunnskapspark på høgskuleområdet har kome viktige steg vidare i 2019, men er stadig i utvikling. Det vert no arbeidd for å få finansiering på plass.

Tabell til sektormål 3 Styringsparametar	2017	2018	2019	Ambisjon 2019
Kandidattal på helse- og lærarutdanningane	KD	213	247	233
Kandidattal GLU 5-10	KD	38	29	40
Kandidattal GLU 1-7	KD	25	21	26
Kandidattal BLU	KD	62	112	77
Kandidattal PPU	KD	77	85	90
Faglærarutdanning i formgiving, kunst og handverk	KD	11	0	0
Tal studentar på nett- og desentralisert undervisning	HVO	1 286	1 110	1 395
				1 200

## Sektormål 4 - Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem

### Nasjonale styringsparametar

- Talet på studiepoeng per fagleg årsverk
- Delen kvinner i dosent- og professorstillingar
- Delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar

**Verksemdmål 4.1:** HVO skal ha ein tydeleg profil og vidareutvikle samarbeidet med andre UH-institusjonar

### Vurdering av resultat og måloppnåing

Som ein del av planen for høgskulestyrets arbeid med struktur-saka handsama styret ein 360 grader evaluering av institusjonslandskapet og ein SWOT for høgskulen våren 2019. Høgskulestyret gjorde vedtak om at høgskulen også i tida framover skal ha ein aktiv og samarbeidssøkande strategi til nærliggande institusjonar både i strukturspørsmålet og i faglege samarbeid.

KD har etterlyst konkrete resultat av samarbeidsavtalen med Universitet i Bergen. Status er at det vart gjort ein avtale for åra 2016-2019. Begge institusjonane vurderer no om det skal lagast ein ny avtale ut frå erfaringane med den tidlegare avtalen. Det er eit godt samarbeid mellom dei to institusjonane på fleire fagområde: Språksamlingane/norsk ordbok, nynorsk skriftkultur, forskarskulen WNGER II, vi har ei felles forskingsgruppe i samfunnsfagsdidaktikk og også andre samarbeid. Samarbeida er basert på gode faglege relasjoner.

I tida framover vil høgskulen arbeide meir systematisk med dei overordna strategiske vurderingane av det samla tilbodet vårt opp mot framtidig behov, jamfør NIFU-rapporten. Dette blir ein del av strategiprosessen i 2020 som skal munne ut i ein ny overordna strategi for høgskulen gjeldande frå 2021.

**Verksemdmål 4.2:** HVO skal arbeide for eit høgt kompetansennivå og eit godt arbeidsmiljø

### Styringsparametar

- Delen kvinner i dosent- og professorstillingar
- Delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar
- Talet på studiepoeng per fagleg årsverk
- Del førstestillingar av totalt tal undervisnings- og forskingsstillingar
- Del kvinner av tilsette med førstekompetanse
- Gjennomsnittleg sjukefråvær per år

### Vurdering av resultat og måloppnåing

Vi aukar tal førstekompetente målt i årsverk, men fordi samla tal tilsette aukar raskare er del med førstekompetanse gått ned frå 52 % til 49 %. Det er særleg mange nytilsette på AHL og AMF frå praksisfeltet. HVO har eit mål om å nå opp i 60 % førstekompetente innan utgangen av utviklingsavtaleperioden.

Vi har styrka FoU-stipendordninga, men har ikkje revidert kompetansehevingsplanen på grunn av ressursutfordringar. Når kompetansehevingsplanen blir revidert vil vi også vurdere om høgskulen skal implementere Europakommisjonens Charter and Code og HR-strategi for forskarar.

Vi har hatt ein auke i både del kvinner i toppstillingar og del kvinner i førstestillingar, noko vi er nøgd med. Vi har mellom anna prioritert kvinner i tildeling av midlar til kurs i leiing av forskingsprosjekt som eit langsiktig tiltak.

Toppkompetanse er sett som satsingsområde i utviklingsplanen, og det blir arbeidd målretta med tiltak for å nå måla.

Delen mellombels tilsette i UFF- stillingar er på same nivå som i fjor, men vi er likevel ikkje nøgde med at vi ikkje har klart å redusere talet. Mykje av dei mellombels tilsette kjem av at vi har mange prosjekt med tidsavgrensa finansiering og har tilsett vikarar for fagleg tilsette som har kompetanseutviklingsstipend. Høgskulen må vurdere om ein i større grad skal tote å tilsette i faste stillingar sjølv om vi ikkje har langsiktig finansiering.

Utviklinga i tal studiepoeng per fagleg årsverk er tilnærma uendra. Høgskulen ligg over gjennomsnittet i sektoren og vi vurderer at vi er på eit formuftig nivå.

Sjukefråværet for 2019 er 6,9 %, det er ein auke på over 1 % frå 2018. Årsaker til auken er mellom anna langtidssjukemeldingar grunna alvorleg sjukdom og uro i arbeidsmiljøet ved ei av avdelingane. Det er laga ein tiltaksplan for å attreise eit godt arbeidsmiljø. Planen er eit levande dokument, og tiltak blir heile tida utvikla og gjennomførde. Systematisk oppfølging av sjukmelde og opplæring i interne rutinar har vore eit prioritert område i 2019 og arbeidet vil også bli prioritert i 2020.

**Verksemdmål 4.3:** HVO skal effektivisere drifta

### Styringsparametar

- Driftskostnader per avlagd 60-studiepoengeneining
- Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings- forskings- og formidlingsstillingar og talet på administrative stillingar

## Vurdering av resultat og måloppnåing

Driftskostnadene per avgjorte 60-studiepoengeining har auka litt. Dette var venta og kjem av at høgskulen har hatt fokus på å ta ned avsetningane. Bruk av avsetningane har i hovudsak gått til kompetansebygging, nedbygging av timesaldo for fagtilsette og at vi har sett inn ekstra ressursar i samband med større prosjekt og investeringar.

Fra 2015 til 2018 hadde Høgskulen i Volda, saman med NTNU, den sterkeste veksten i fagleg tilsette per administrative årsverk i sektoren (Kjelde: Tilstandsrapporten 2019). Forholdstalet mellom fagleg og administrativt tilsette har gått litt ned fra 2018 til 2019, og høgskulen er no på gjennomsnittet for sektoren. Nedgangen skuldast blant anna ein ønska auke i administrativt tilsette på avdelingane, både for å handtere fleire studentar og fordi ein ser at avdelingane har vore underadministrert. I tillegg har Fellesadministrasjonen tilsett i en del stillingar som stod vakante i 2018.

I 2019 har høgskulen arbeid systematisk med prosessoptimering som grunnlag for vidare digitalisering. Det vart

tilsett ein 50 % prosjekttressurs til å leie arbeidet og det er gjennomført analysar av fleire sentrale prosessar. Digitaliseringsstrategi med handlingsplan er vedteken. Høgskulen vil ha fokus på innføring av og opplæring i fellesløysingar i sektoren, slik at ein kan få god effekt av dei nye systema.

Pensumlistesystemet Leganto blei teke i bruk av heile høgskulen hausten 2019, og høgskulen har starta eit prosjekt for å betre og effektivisere internkommunikasjonen.

Samla sett er det høgskulen si vurdering at organisasjonen er effektiv. Dei siste fem åra har høgskulen hatt ein vekst i studentar på 13 % og ein vekst i tilsette ved avdelingane på 19 %, medan Fellesadministrasjonen i same periode berre har hatt ein auke på 2 % tilsette. Både Fellesadministrasjonen og administrasjonen på avdelingane har dei siste åra opplevd aukande arbeidspress, og vi har mått effektivisere drifta for å handtere saksmengda.

**Tabell til sektormål 4  
Styringsparametrar**

		2017	2018	2019	Ambisjon 2019
Tal på studiepoeng per fagleg årsverk	KD	696	641	636	650
Del kvinner i dosent og professorstillingar	KD	24 %	22 %	28 %	26 %
Del mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar	KD	12 %	17 %	17 %	10 %
Driftskostnader per avgjort 60-studiepoengeining (1 000 kr)	HVO	142	146	152	145
Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på administrative stillingar	HVO	2,5	3,1	2,9	2,9
Del førstestillingar av totalt tal undervisnings- og forskingsstillingar	HVO	53 %	52 %	49 %	55 %
Del kvinner av tilsette med førstekompetanse	HVO	41 %	40 %	46 %	45 %
Gjennomsnittleg sjukefråvær per år	HVO	4,7 %	5,8 %	6,9 %	4,3 %

## Utviklingsavtalen med KD

Høgskulen i Volda inngjekk i 2018 ein utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet. Avtalen identifiserer fire område der HVO skal gjere ein særleg innsats dei komande åra. Måla skal vere innfriid innan utgangen av 2022, og i det følgjande gjer vi greie for status på avtaleområda eit år etter avtalen blei inngått.

### Mål 1. Lukkast med planen for nye grunnskulelærarutdanningar

Kompetansehevingsprosjektet «Digitalisering av grunnskulelærarutdanning» blir gjennomført etter planen. Gjennom åtte delprosjekt har både praksisfelt, lærarutdannarane på HVO og grunnskulelærarstudentane fått styrka sin digitale kompetanse på ein målretta måte. I løpet av 2019 har det blitt etablert ein eigen læringsverkstad ved HVO. Prosjektet skal etter planen gå ut 2020.

Samarbeidet med dei to lærarutdanningsskulane er kome i fast former, men kan utviklast vidare. Vi ser gode døme på at HVO tilsette tek med seg studentar ut på skulane for utprøving av opplegg og drive forsking med partnarskulane. Høgskulen leiger inn ein praksislærar frå ein av våre lærarutdanningsskulular til å vere superbrukar og arbeide med opplæring og rettleiing i bruk av praksisrettleiingsverktøyet MOSO.

Våren 2019 arrangerte HVO ein internasjonal studentkonferanse It's Volda. Tema: Digitalization in education- future classroom and 21st century skills. Deltakarane var fagfolk og studentar frå andre lærarutdanningsinstitusjonar i Europa. Vi ser at mange av lærarstudentane våre som deltok som frivillige på konferansen i fjor har reist ut på utanlandsopphald i vår.

Det nærmar seg no skriving av masteroppgåve for dei nye grunnskulelærarstudentane. Vi har difor utvikla eit nytt emne i rettleiing på masternivå ( 5 stp.). Kurset har blitt utvikla av og gjennomført i samarbeid med professor II Kari Søndenå (UiS). Interessa har vore så stor at vi har starta opp to kull med 20 fagpersonar i kvart kull.

### Mål 2. Styrke posisjonen som ein framifrå studiestad for yrkesretta medieutdanning

Høgskulen i Volda byggjer nytt mediehus som skal stå klart til semesterstart hausten 2021. Det nye huset er ein føresetnad for å kunne gi ei framifrå medieutdanning, men huset i seg sjølv er ikkje tilstrekkeleg – det må fyllast med godt innhald.

I utviklingsavtalen er det eit mål å bygge om bachelorgradene Medieproduksjon og Mediedesign til to ulike løp med tydelegare yrkesretning. Fagmiljøa er inne i ein omfattande utviklingsprosess med sikte på innføring frå studieåret 21/22.

Vidare skal vi utvikle ein innovativ, digital medielab saman med studentar og tilsette, som gjer at medieutdanninga i Volda ligg

i forkant av den raske utviklinga i mediebransjen og for å møte behov for digital kompetanse i samfunnet. Det er planlagt eit framtidslaboratorium i det nye mediehuset der det vert lagt til rette for eksperimentering og utprøving både for lærarar og studentar kvar for seg – og saman.

Det er eit mål i utviklingsperioden å utvikle nye og vidareutvikle eksisterande samarbeidsprosjekt, praksisutpllassering og utvekslingsavtalar med bransjeaktørar, mediehus og internasjonale FoU-samarbeid. Status no er at det er inngått intensjonsavtale om samarbeid med NRK, VG, Nationen og Sunnmørsposten. Særleg arbeid er lagt i planar for eit meir omfattande og mangslunge samarbeid med Sunnmørsposten.

Det siste målet i utviklingsavtalen er å sende søknad om å få bli Senter for Framifrå Undervisning innafor tematikken digital mediepraksis. Høgskulen i Volda sendte ein søknad i 2016 som ikkje nådde heilt opp. I 2019 sendte vi ein ny søknad. Denne gongen nådde vi finalen, men arbeidsmiljøutfordringane på avdelinga gjorde at det ikkje var kapasitet til å prioritere vidare arbeid med søknaden i den siste runda. Søknaden vart derfor trekt. Dei to versjonane bør kunne vere ein viktig del av grunnlaget for eit nytt forsøk, kanskje i 2022. Då skulle det vere rimeleg å rekne med at fagmiljøet har fått styrka seg og dessutan fått slått rot i det nye mediehuset. Den 'timinga' kan bli eit pluss for neste søknad.

### Mål 3. Ha fagleg fokus på ferdigheiter for framtida (Future Skills)

For dette målet er det sett opp tre målepametrar: For det første, å drive tverrfagleg forsking og publisering, og å utvikle nettverk og prosjekt nasjonalt og internasjonalt. For det andre, å gi skildringane av læringsutbytte i utdanningane eit tydelege framtidsperspektiv og å tilby framtidsferdigheiter som emne i etablerte utdanningar. For det tredje, å styrke det faglege innhaldet i innovasjonspartnarskap ved å gi ferdigheiter for framtida ei tydeleg rolle.

I 2019 har ein arbeidd mest med den første målepameteren: Å vidareutvikle det teoretiske grunnlaget for ferdigheiter for framtida på tvers av de fire fagavdelingane ved HVO og gjennom å utvide og konsolidere eksisterande internasjonale nettverk. Den tverrfaglege forskingsgruppa Kultur og helse fekk tildelt interne såkornmidlar for prosjektet FUTURE SKILLS: The relevance of practical and aesthetic approaches. Vitskaplege innlegg er presentert på internasjonale konferansar. Fleire fagfellevurderte vitskaplege artiklar er publisert i internasjonale kanalar, og fleire er på gang. Parallelt arbeider vi med å utvikle ein NFR-søknad, med utgangspunkt i ein systematisk litteraturjennomgang og med bakgrunn i ein søknad som ikkje nådde opp ved førre NFR-tildeling. Basert på det som i dag er utviklingsprosjektet Future Skills vil høgskulen etablere eit avdelingsovergripande forskingsprogram. Der vil både etablerte

forskningsgrupper og enkeltforskjarar kunne bidra med relevant forsking og publisering retta inn mot ferdigheiter for framtida.

Når det gjeld dei to andre måleparametrane har høgskulen tatt organisatoriske grep for å sikre at det teoretiske kunnskapsgrunnlaget som er utvikla, bidreg inn i utforminga av og vidare-utviklinga av læringspraksis knytt til skildringane av læringsutbytte, samarbeidsavtalar og innovasjonspartnarskap. Ein rådgivar på Avdeling for kulturfag vil dei nærmaste to åra ha 50 % av si stilling dedikert til Future Skills programmet. Det vil og bli sett av ein 40 % fagleg ressurs til leiing av prosjektet.

#### Mål 4. Rekruttering og utvikling av toppkompetanse

HVO skal over tid rekruttere og utvikle toppkompetanse for å gi høgskulen, studentar og arbeidslivet tilgang til høg og oppdatert kunnskap.

- Ved slutten av perioden er delen fast fagtilsette med førstekompetanse 60 % og med toppkompetanse 15 %
- Ein tredel av toppkompetente skal vere kvinner
- Auke inntektene frå NFR og andre eksterne FoU-inntekter
- Auke publiseringspoeng per fagleg årsverk til 0,65 og til 40 formidlingspoeng per fagleg årsverk

Per januar 2020 er det ved HVO i alt 181 årsverksbidrag frå tilsette i fast fagleg stilling. Av desse er:

- Toppkompetente (professor/dosent) 12 %
- Førstekompetente: 44 %
- Kvinner blant toppkompetente: 28 %

I perioden 2017-2019 vart ein relativt stor del toppkompetente pensjonistar. Såleis er vi inne i ein overgang som gjer at delen toppkompetente har gått ned samanlikna med åra før. Det er også professorar som blir pensjonistar i åra fram mot 2022, men færre enn dei som har slutta i åra 2017-2019. Med dei tiltaka som er i gang for rekruttering og utvikling av toppkompetanse, er det grunn til å tru at vi kan hente oss inn att, og nå målet om 15 % toppkompetente i 2022.

Det er klare samanhengar mellom målet om fleire toppkompetente og førstekompetente og måla om fleire publiseringspoeng per faglege årsverk. Å oppnå kompetanse føreset publisering og formidling. Vi arbeider aktivt med å auke publiseringaktiviteten, mellom anna gjennom forskingsgruppene, som får støtte til publiseringaktivitet. Elles har HVO siste åra tilsett fleire i stillingar som professor II. Eitt av måla med det er at dei – med sin kompetanse og erfaring - skal bidra til meir skriving og publisering blant våre tilsette.

Ein professor II er tilsett spesielt med tanke på verksemdu retta mot at tilsette skal oppnå pedagogisk basiskompetanse, som må til for å oppnå kvalifisering som professor og førsteamanuensis. Professoren har særleg kompetanse i rettleiing, og har ansvar for

eit studiepoenggivande kurs i rettleiing, som tilsette ved HVO får tilbod om.

HVO brukar aktivt professor/dosent-stipend, som er ei ordning som er tilgjengeleg for fast tilsette i faglege stillingar. Dei tre første som fekk professorstipend i 2014 har oppnådd professorkompetanse. To av desse var kvinner. Per i dag har HVO i alt sju tilsette i professor- eller dosentstipend, og fire av dei er kvinner. Elles er det fleire tilsette som målretta arbeider for toppkompetanse, men utan professorstipend. Minst fem tilsette (inkl. dei med stipend) er per i dag i prosess for kompetansevurdering for toppkompetanse. Det vil vere eit godt bidrag mot målet om 15 % toppkompetente i 2022.

Når det gjeld målet om 60 % førstekompetente i 2022, meiner vi at HVO er på rett veg. Alt i 2020 er det grunn til å tru at fire-fem tilsette vil disputere, og fleire tilsette har i 2020 søkt - eller kjem til å söke - opprykk til førsteamanuensis eller førstelektor.

2019 var eit aktivt år med tanke på søkerader til NFR, og det vart sendt fem relativt store søkerader til NFR. Men med därleg tilslag. Vi er i gang med å omarbeide søkeradene og vil söke på nytt. Når det gjeld andre eksterne forskingsinntekter er regionale forskingsfond og oppdragsprosjekt aktuelt for oss. Slike prosjekt er også ein god veg til vitenskapleg publisering. Det er laga system for å fange opp aktuelle utlysingar, og vi har faste møte med regionale representantar frå NFR for å vere orienterte om det som skjer der.

#### Samfunns- og effektmål for byggeprosjekt

Høgskulen i Volda byggjer nytt mediehus med planlagt innflytting sommaren 2021. Statsbygg er byggherre, og prosjektet er finansiert som eit kurantprosjekt.

For å nå samfunns- og effektmåla er det ein føresetnad at brukarane kan nytte bygget på ein optimal og hensiktsmessig måte. For å sikre at prosjektet når dei fastlagde måla, har Statsbygg og høgskulen derfor etablert ein prosjektorganisasjon med fokus på styring og forankring av avgjersle, og medverknad frå brukarane. Høgskulen har i heile planlegging- og byggefase sett av ressursar til å involvere brukarane, og det er etablert ei «sløyfe» for avgjersle som sikrar at samfunns- og effektmål blir handsama tidleg i prosessen og relevante deler av organisasjonen er involvert.

Høgskulen har vald å setje i gong innreiingsprosessen på eit tidleg tidspunkt i byggeprosessen. Innreiing av bygget er like viktig som sjølv bygget for å nå effektmåla, og høgskulen har hatt eit samarbeid med Lerche arkitektur AS som har erfaring frå tilsvarende bygg. Like eins er tidleg involvering av IT avgjerande for å sikre at det blir lagt til rette for framtidas digitale læringsformer.

## Midlar til oppgradering av forskings- og læringsareal

Høgskulen fekk tildelt 3,0 mill. kroner gjennom kap. 260 post 50 i 2019 til ombygging av Strøm-auditoriet. Prosjektet er totalt kostnadsrekna til om lag 7,0 mill. kroner. Planen var å få gjennomført dette prosjektet innan utgangen av 1. kvartal 2020. Ingen leverandørar melde seg interesserte i prekvalifiseringsfasen i desember 2019, og dette har ført til behov for meir detaljert planlegging hos oss før anbodet gjekk ut i februar. Vi trur difor at ombygginga først blir ferdig til semesterstart hausten 2020.

## Midlar tildelt over andre kapittel

### DigiGLU, midlar frå kap. 281 post 01 og kap. 226 post 22

Høgskulen har fått tildelt 13,8 mill. kroner til prosjekt DigiGLU - Digital kompetanse i lærarutdanning. Høgskulen har følgt opp forpliktingane i tildelinga frå KD gjennom å etablere åtte delprosjekt. Dei har alle leiarar med sentrale posisjonar i organisasjonen for å sikre god forankring og drift ut over prosjektperioden.

DigiGLU-prosjektet ved HVO er organisert med fagtilsette fra alle MAGLU-fagmiljøa og studentar frå alle kull som kjerne. Denne arbeidsgruppa styrer fokus og framdrift i prosjektet, med innspel frå digitale fagutviklingsgrupper i fagmiljøa og frå studentkulla, og gjennom deltaking i og utvikling av dei åtte ulike delprosjekta. Hovudmålsettinga i prosjektet er følgjande: Å styrke studentar, tilsette og praksisfeltet sin kritiske og kreative profesjonsfaglege digital kompetanse (PfDK) for saman å skape ei framtidssretta og praksisnær grunnskulelærarutdanning.

Eit døme på noko av aktiviteten som er del av DigiGLU prosjektet er delprosjekt 1, som er det mest omfattande av dei åtte delprosjekta. I dette delprosjektet har kvart fagmiljø fått tildelt ei 30 % stilling i prosjektperioden. Målet med tildelinga av ressursar er å forankre arbeidet med å styrke fagmiljøa sin PfDK. Dei tilsette som tek del i den tildelte ressursen har ansvar for å jobbe med PfDK saman med dei andre tilsette i sitt fagmiljø.

Fagmiljøa lagar utviklingsplanar for utvikling av sin PfDK, og kan bestille kurs og verkstadøkter dei treng i Læringsverkstaden som er eit tilbod som har vorte utvikla som ein del av delprosjekt 4. Læringsverkstaden opna i 2019, og som ein del av prosjektet har Læringsverkstaden i prosjektperioden tilsett fire studentvakter med til saman 80 % stillingsressurs. Dei tilsette studentvaktene

har ansvar for å rettleie og hjelpe både tilsette og studentar som kjem innom Læringsverkstaden som er open tre dagar i veka.

### Studentrekruttering GLU 1-7, midlar frå kap. 226 post 21

Høgskulen fekk tildelt kr 400.000,- til føremålet studentrekruttering til Grunnskulelærarutdanning 1-7. I rekrutteringsperioden januar til april 2019 gjennomførte høgskulen ei rekke spesialtiltak for rekruttering av studentar til master i GLU 1-7, og midlane er nyttå etter føresetnadene i tildelingsbrevet.

Vi sette opp ein eigen turné i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal med studentambassadørar, med arbeidstittelen «Glu Crew». I to veker vitja to delegasjoner frå HVO vidaregåande skular og folkehøgskular med stand og informasjon om kvifor det å studere til å bli lærar ved Høgskulen i Volda er eit fantastisk val. Desse stilte også opp saman med Minister for forskning og høgare utdanning, Iselin Nybø, på eit rekrutteringsmøte ved Volda Vidaregåande skule. Vi hadde ein god miks av kvinnelege og mannlege studentar. Det var eit mål for oss at gruppene skulle ha minst éin mannleg student for å imøtekome strategi om å auke rekrutteringa av menn. Same vurdering vart nyttå i kjeldebruk for innhaltsproduksjon, til intervju, foto og film.

Vi hyra inn fotograf for å dokumentere praksis og skuleovertaking. Desse bilda nyttå vi oss av i vidare annonsering og profilering i alle kanalar og bilda er lagt inn i fotobanken vår for vidare og framtidig bruk. To studentar vart løna for å drive bloggen gluvolda.no, som også har eigen instagram-konto. Føremålet var å vise fram studentkvardagen og å svare på spørsmål om korleis det er å vere lærarstudent ved HVO.

Vi nyttå oss av innhaltsmarknadsføring, og fronta digitalt vekta utdanning og skuleovertaking i eit utdanningsmagasin og ein digital utdanningsportal. I tillegg hadde vi eit eige annonseløp spesielt retta mot lærarutdanningane våre i tradisjonelle media og sosiale media. Vi jobba også spesielt med Google og kjøp av søkeord relatert til lærarstudium.

I heile perioden auka vi trafikken inn til nettsidene våre med 25 % målt mot året før. Vi hadde også auke i sidevisningar og trafikk til studiekatalogen med 23 %. Trafikk frå Facebook til nettstaden vår auka med 48 % samanlikna med fjoråret.

Førsteprioritetssøkjrarar til MAGLU 1-7 gjekk ned med sju studentar samanlikna med 2018. Totalt hadde 55 personar HVO på førsteplass. Søkjartala ligg på eit stabilt nivå, og har veksla



mellan 50 – 60 dei siste 10 åra. Alle som takka ja til plass møtte til studiestart hausten 2019.

#### **DAB utstyr mediefag, midlar frå kap. 281 post 45**

HVO fekk i 2018 kr. 500.000,- til prosjektet "Innkjøp, etablering og drift av DAB-sendar til undervisning". Prosjektet vart av fleire årsaker ikkje fullført i 2018. Det handla om manglar ved infrastruktur og tekniske løysingar mot konsesjonshavar Jærradioen og at leveringstida på utstyret var lenger enn vi hadde rekna med. Kostnadene når det gjeld linjeleige med meir går jamt av dei løyvde midlane.

Vi er no ferdige med oppbygginga av DAB-sendarane og har teke i bruk sendenetettet. Både Radio Volda, Studentradioen og

Bygderadio Vest er no i gang med regulære sendingar. Den delen av tildelinga som vart overført til 2019, (kr 400.000,-) er brukt på monteringa av sendeutstyr på fjellet Helgehornet, montering av antennen på Hans Strøm-huset på høgskuleområdet, infrastruktur mellom Jærradioen og Radio Volda og dessutan utstyr for kontroll av sendingane.

Høgskulen har også brukt kr. 300.000,- som vi fekk løyvd frå Medietilsynet til dette prosjektet. Til saman har vi per 31.12.19 investert kr 800.000,- til prosjektet "Innkjøp, etablering og drift av DAB-sendar til undervising".

## Del IV: Styring og kontroll i verksemda

### Overordna vurdering av styring og kontroll

Samla sett vurderer Høgskulen i Volda at vi har eit system for styring og kontroll som i stor grad er tilpassa risiko, kor viktige sakene er og høgskulen sin eigenart.

HVO nytta mål- og resultatstyring tilpassa verksemda som sitt grunnleggande styringsprinsipp. Følgjande moment er vurderte i samband med dette:

- om fastsette mål og resultatkrav vert nådde
- om ressursbruken er effektiv
- om lover og reglar vert haldne
- om resultat- og rekneskapsinformasjon er relevant og påliteleg
- om vesentleg styringssvikt, feil og manglar vert avdekte og handterte
- om internkontrollen er dokumentert

Høgskulen i Volda har etablerte system, rutinar og tiltak for internkontroll med vekt på faktorar som går fram av «Bestemmelser om økonomistyring i staten» punkt 2.4. Det vert gjennomført intern kontroll og oppfølging av eventuelle avvik. I løpet av 2020 vil høgskulen få på plass eit delegeringsreglement og ein oppdatert instruks for dagleg leiing.

Høgskulen har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen siste åra.

Mål og resultatkrav vert langt på veg nådde. Ressursbruken er effektiv, og det vert arbeidd aktivt med vidare effektivisering og digitalisering. Lover og reglar vert etterlevde så langt vi kjenner til. Det er ikkje avdekkja vesentlege feil i samband med rapportering av resultat eller rekneskapsinformasjon. Det er ikkje avdekkja vesentleg styringssvikt, feil eller manglar. Ved mindre avvik er dette følgt opp, og det vert gjort tiltak for å hindre at det skjer igjen.

I mars 2019 fekk leiargruppa opplæring i rutine- og prosessarbeid. I ettertid har det vore arbeidd systematisk med prosessmodellering, GDPR, personvern i forsking og overordna risiko og sårbarheits-analyse (ROS) knytt til beredskap. Handbøker har blitt reviderte og oppdaterte i samsvar med endringane. Dette er eit kontinuerleg arbeid som òg vil krevje ressursar i 2020.

Høgskulen vart sertifisert som Miljøfyrtårn i juli 2018. For å behalde sertifisering må høgskulen oppfylle ei rekke krav innan

arbeidsmiljø, innkjøp, energi, transport og avfallshandtering. Rapport med handlingsplan blir levert årleg, innan 1. april.

### Inkluderingsdugnad

Som eit resultat av sentrale føringar om å delta i inkluderingsdugnad, har utlysingstekstar vorte omarbeidde for å legge til rette for søkerar med nedsett funksjonsevne og hol i CV. I rekrutteringssystemet Jobbnorge kan søkerar opplyse om innvandrarbakgrunn og funksjonsnedsetting. Frå 1.1.2020 fekk søkerar også høve til å opplyse om hol i CV.

Av tre søkerar som gav opp funksjonsnedsetting i søknaden, vart ingen tilsett. 61 søkerar oppgav innvandrarbakgrunn og 2 vart tilsette. Søkerar som opplyser om innvandrarbakgrunn, funksjonsnedsetting eller hol i CV, vert innkalla til intervju dersom dei fyller minstekrav i utlysingsteksten. I innstillingsmalen er det presisert at leiari skal kalle inn desse gruppene.

### Motvirke arbeidslivskriminalitet

HVO arbeider for å motverke arbeidskriminalitet og har etablert rutinar ved tildeling og oppfølging av inngåtte kontraktar som skal sikre at leverandørane held seg til lover og reglar. Ved inngåing av nye kontraktar krev HVO skatteattest utan merknader. Det vert også henta inn eigenerklæring frå leverandørar av reinhald og vakthald for å førebygge arbeidslivskriminalitet. HVO nytta innkjøpsavtalar frå Statens Innkjøps-senter der slike er tilgjengelege, og vi bruker Statsbygg sine rammeavtalar for elektrisk kraft.

Lønns- og arbeidsvilkår for reinhaldsbedrift vert kontrollert. Høgskulen utøver «påse-plikta» si med ein årleg kontroll av eit utval lønnsslippar. Rammeavtale er inngått med snikkar som har HMS-kort og lærling. HMS-kortlesar er montert.

Tenestekontraktar og bygge- og anleggskontraktar vert utarbeidd etter gjeldande krav frå styresmaktene med omsyn på avgrensing i tal ledd i leverandørkjeda, lønns- og arbeidsvilkår, og krav til lærling. Oppfølging av inngåtte kontrakter har gitt tilfredsstillande resultat. Vurdert ut frå storleiken til HVO og lokaliseringa i distrikts-Noreg med gjennomsiktige forhold, så er etablerte rutinar vurderte som formålstenlege. Resultata av rutinane gjev ingen indikasjon på at leverandørane våre ikkje etterlever lover og reglar.

### Samfunnstryggleik og beredskap

I 2018 vart det gjennomført bordøving i regi av Sjømannskirken for kriseliing, vara, dekanar og internasjonalt

kontor. Øvinga avdekkja mangel på tydeleg leiing og rollefordeling frå starten av. I ein krisesituasjon skal planverk og tiltakskort brukast aktivt. Konkret tiltak etter øvinga har vore å revidere beredskapsplanverket, basert på gjennomført ROS-analyse. I nytt planverk er rollene gjort tydelege, og pandemiplan og beredskapsplan for studentar er ein del av overordna planverk. Medlemmene i kriseleiinga har fått opplæring i korleis ein kan lagre planen på telefon, slik at den er lett tilgjengeleg i ein krisesituasjon.

I 2019 vart det arrangert beredskapsopplæring i pågående livstruande vold (PLIVO). Ansvar for fagleg innhald var Kenneth Nielsen, Sikkerhets- og beredskaprådgiver UiO. Målsettinga var at tilsette skal ha grunnleggande kunnskapar om PLIVO og beredskapsperspektivet. Første del av øvinga var for medlemmene i kriseleiing med vara og dekanar. Del to av øvinga var open for alle HVO, der om lag 25 tilsette deltok. Evalueringa viste mellom anna at opplæringa gav mange nye tankar og auka bevisstgjering, spesielt knytt til tidsperspektivet og den enkelte sin handlingskunnskap ved ei eventuell PLIVO hending. Det kan gjerast førebyggande tiltak knytt til fysisk miljø. Det er difor sentralt at drift er representert inn i beredskapsarbeidet, noko som er følgt opp. Sikresiden.no er ein ressurs i opplæringsarbeidet knytt til beredskap, vidare systematisk opplæring er planlagt.

Det skal planleggast ei større beredskapsøving i 2020, med utgangspunkt i gjennomførte ROS-analyser, tema er ikkje klarlagt.

### ROS-analyser

Kunnskapsdepartementet (KD) gjennomførte tilsyn med Høgskulen i Volda sitt arbeid med samfunnsikkerheit og beredskap (SoB) i november 2018. I tilbakemeldinga vart det oppmoda om å jobbe meir systematisk med ROS-analyser. I 2019 var det difor ei målsetting å få på plass ei heilskapleg ROS-analyse knytt til beredskap. Arbeidet vart gjennomført i perioden juni til oktober. Det vart teke utgangspunkt i Styringsdokument for samfunnssikkerhet og beredskap. Handlingsplanen vart utarbeidd og presentert for leiarar og politiet i det årlege samarbeidsseminaret. Utkast til rapport vart lagt fram for leiargruppe og AMU før endeleg godkjenning.

Høgskulen rapporterte til NOKUT i september, «Særskilt rapportering 2019 - Samfunnssikkerhet og beredskap, inkludert informasjonssikkerhet». Formålet var å få ei uavhengig vurdering av institusjonen si risikostyring, førebyggande

arbeid, beredskapsplanlegging og krisehandtering, og å kunne gi råd til verksemndene om dette.

I november rapporterte høgskulen til Riksrevisjonen, temaet var Samfunnssikkerhet og beredskap i statlige virksomheter underlagt KD. Det vart svart på 43 spørsmål knytt til ROS-analysar, krise- og beredskapsplanar, krise- og beredskapsøvingar, samt generelle spørsmål. Vi har ikkje fått tilbakemeldingar på rapportane.

### Informasjonstryggleik

Dei styrande prinsippa for arbeidet med informasjonstryggleik er i tråd med tilrådingane fra KMD (Handlingsplan for informasjonstryggleik i statsforvaltninga 2015-2017).

Styringssystem for informasjonstryggleik vart vedteke av høgskulestyret i desember 2015. Vi har etablert Sikkerhetsgruppe-IT/drift med høgskuledirektør, personalsjef (CSO - chief security officer), leiar av dokumentsenteret, driftsleiar og IT-leiar. Sikkerhetsgruppa har hatt 4 møte i 2019.

HVO har lagt stor vekt på å sikre seg mot ekstraordinære hendingar. Vi har fått etablert to datarom med god redundans på lagring av data og datakraft. Vi har òg fått på plass straumaggregat som sikrar straumtilførsel til begge dataroma og anna viktig infrastruktur. Det er utarbeidd tiltakskort for handtering av uventa hendingar.

I 2017 oppretta vi eit eige Incident response team (IRT) på HVO. Det er knytt opp mot Uninett CERT. Alle medlemmene i IRT har delteke på Uninett sitt kurs: «Digital hendelseshåndtering i kunnskapssektoren – dagskurs for oppstart av IRT på egen institusjon».

Høgskulen har lagt stor vekt på å styrke den interne kunnskapen, kompetansen og kulturen når det gjeld informasjonstryggleik. Vi har dei siste åra gjennomført nasjonal tryggleiksmånad i oktober i samarbeid med Uninett og NorSIS, og vi har gjennomført nanokurs i informasjonstryggleik. Det er utført risikokartlegging av nettverket vårt av NorCert. Vi har også lagt stor vekt på stadig å informere tilsette via e-post om ulike farar og truslar. Dette har ført til auka medvit om informasjonstryggleik for tilsette. HVO har ikkje har hatt alvorlege avvik/hendingar i 2019.

## Lærlingar

Utviklinga i talet på lærlingar frå 2015 er slik:

Tal lærlingar	2015	2016	2017	2018	2019
Lærling IKT-servicefag	2	2	2	3	3
Lærling kontor og administrasjon	0	1	1	0	0
<b>Sum</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>3</b>	<b>3</b>	<b>3</b>

Høgskulen i Volda har hatt to lærlingar innafor IKT-faget i mange år. Frå hausten 2016 auka vi med ein lærling i kontor og administrasjonsfaget. Det var utfordrande å koordinere praksisen for denne lærlingen på tvers av einingar i felles-

administrasjonen, og konklusjonen vart at ein heller burde auke talet på lærlingar i IKT-servicefag. Frå hausten 2018 har vi hatt tre lærlingar i IKT-servicefaget.

Vi har ikkje funne det tenleg å ta inn lærlingar i andre fag. Høgskulen i Volda er knytt til opplæringskontoret i Møre og Romsdal Fylkeskommune.

## Likestilling, mangfold, diskriminering og tilgjengelegheit

Aktivitets- og utgreiingsplikta har blitt styrka etter lovendring gjeldande frå 01.01.20. For å styrke arbeidet er utvalet for likestilling og mangfold lagt under AMU. Statusrapport, sjå eige vedlegg.



## Del V: Vurdering av framtidsutsikter

Møre og Romsdal ligg under landsgjennomsnittet i andel av folk som har høyere utdanning, og spesielt for høyere utdanning lenger enn 4 år. God tilgang på høyere utdanning i regionen er ein føresettnad for at dette skal bli betre. Utan tvil vil det i åra som kjem vere stor trøng for kandidatar frå Høgskulen i Volda. Det gjeld både for vårt eige fylke og landet elles. Mange unge kvinner flyttar frå Nordvestlandet, og i det perspektivet er det ei viktig motvekt at om lag to tredeler av studentane ved Høgskulen i Volda er kvinner.

### Kunnskap for framtida

Visjonen vår er kunnskap for framtida. Dermed er det avgjerande for høgskulen å fremje reflekterande læreprosessar tufta på:

- Livslang læring
- Relevant forsking
- Kommunikative dogleikar både analogt og digitalt
- Samskaping, kreativitet og likeverd

For å utvikle og formidle kompetanse til eit arbeids- og samfunnsliv i rask endring satsar Høgskulen i Volda på å integrere profesjonsfagleg digital kompetanse i alle fag i lærarutdanningane. Det vert gjort både med tanke på vidareutdanning av lærarar og gjennom integrering av digital kompetanse i grunnskulemasterane.

Høgskulen ser det som ein sentral del av samfunnssoppdraget å legge til rette for livslang læring. Satsinga på fleksible studium held fram gjennom vidareutvikling og kvalitetsheving i nettstudia, etablering av erfaringsbaserte mastergrader og generell tilrettelegging for at folk i ulike livssituasjonar får god tilgang til relevant utdanning.

For å kunne møte eit samfunn i rask omstilling skal studentane ved HVO tilegne seg «framtidsferdigheiter» eller «future skills».

Dette femner om evner til kompleks problemløysing, kreativitet, samarbeid og kognitiv fleksibilitet. Institusjonen arbeider på ulike nivå med å tydeleggjere korleis framtidsferdigheiter skal integrerast i verksemda.

Høgskulen skal i 2020 arbeide med ny strategiplan som skal gjelde frå 2021. Rapporten «Strategisk utvikling av studieportføljen ved Høgskulen i Volda – et kunnskapsgrunnlag» som NIFU laga på oppdrag for styret i 2018 vil vere eit viktig grunnlagsdokument i denne prosessen.

### Studentrekrytering

Høgskulen i Volda har hatt jamn auke i tal studentar dei siste åra, og i 2019 hadde vi med 4.500 registrerte studentar fleire studentar enn nokon gong tidlegare. Som stor tilbydar av utdanninger for velferdsstatens yrke er høgskulen samla sett robust i høve til konjunkturar i samfunnet. Vi ser likevel at enkelte fag har svak rekrytering, og enkelte fagmiljø må ta grep for å gjere utdanningane betre tilpassa marknaden. Til dømes etablerte høgskulen i 2019 sin første nettbaserte grad – bachelor i historie på nett. Denne hadde gode søkerantal, men vi ser diverre at fråfallet også er stort. Satsinga skal evaluerast i løpet av 2020.

Lærarutdanningane er eit viktig fundamentet for høgskulen og vi er difor særleg opptekne av dei. Rekrutteringa til MAGLU vil vere ein kritisk faktor i åra som kjem. Her er satsinga på digital kompetanse eitt av fleire tiltak for å styrke posisjonen som tilbydar av attraktive og oppdaterte lærarutdanningar. Høgskulen har fått tildelt forskingsmidlar til prosjektet DigiGlu som handlar om profesjonsfagleg digital kompetanse i grunnskulelærarutdanningane. Prosjektet sluttar i 2020 og høgskulen må syte for å oppretthalde satsinga med eigne midlar.

Medieutdanningane er eit nasjonalt flaggskip for høgskulen. På grunn av store omstillingar i mediebransjen er rekrutteringa til desse studia pressa. Vi har likevel hatt god söking til våre studieprogram i mediefag. Det har i 2019 vore ein del negativ medieomtale om arbeidsmiljøet ved avdeling for mediefag. Vi trur ikkje dette vil få følgje for studentrekryttinga, men det kan påverke rekruttering av tilsette. Høgskulen må ha fullt fokus på arbeidet med å betre arbeidsmiljøet og få ro rundt avdelinga i tida framover.

Høgskulen har store forventningar til det nye mediehuset som skal stå ferdig til studiestart hausten 2021. Huset er ein føresetnad for å kunne sikre høgskulens posisjonen som ein framifrå stad for medieutdanning, men god studiekvalitet får ein først når ein har fylt huset med innhald og aktivitet. Høgskulen må investere i nytt medieteknisk utstyr for å formye seg og sikre at utdanningane er relevante for arbeidslivet. Vi må også ha inventar som støttar opp under studentaktive læringsformer og eit god læringsmiljø. Dette medfører store investeringar for høgskulen, og vi ber om ei eingongsløyving over statsbudsjettet til dette. Dersom vi ikkje får desse midlane, vil høgskulen måtte redusere ambisjonsnivået. Det kan skje gjennom å redusere investeringane i mediebygget, investeringar på andre område som til dømes ombygging av andre undervisningslokale til lokale som er tilrettelagt for studentaktive læringsformer, eller å redusere investeringane på andre utstyrskrevjande utdanningar.

Sosialfaga ved høgskulen er blant faga med best studentrekrytting. Sosionomutdanninga har 2,3 førsteprioritet-søkjavar per studieplass, medan barnevern har 2,0. Søkjaraname kjem frå heile landet. Med bakgrunn i eit godt rekrutteringsgrunnlag, stort behov i samfunnet og eit solid fagmiljø med ph.d. i helse- og sosialfag saman med Høgskulen i Molde, vart sosialfaga framheva som eit mogleg satsingsområde for høgskulen i NIFU sin rapport «Strategisk utvikling av studieporteføljen ved Høgskulen i Volda – Et kunnskapsgrunnlag» frå 2018. Dette blir vurdert i arbeidet med ny strategi for høgskulen frå 2021.

Høgskulen i Volda har som kjent prioritert ikkje berre å halde på, men også å vidareutvikle dei praktiske og estetiske faga som tidlegare hadde større plass i norsk lærarutdanning. Det har vi gjort både fordi vi meiner desse faga har eigenverdi, men vi meiner også at slike fag kan fremme læring og kreativitet meir generelt. Vi ser no teikn på at desse faga vert oppvurderte att i den pågående fagfornyinga i skulen. Det har ein naturleg

samanhang med at kunst og kulturfag vert avgjerande for omstilling i samfunnet ved at dei dyrkar framtdsdugleikar som kreativitet, innovasjon og entreprenørskap. HVO arbeider vidare med korleis vi best kan nytte kompetansen og ressursane i desse faga for å møte behova som melder seg for framtdsferdigheiter («future skills»). Nye perspektiv kan vere med på gjere studiebiboda meir attraktive.

Sjølv om høgskulen har fokus på rekruttering og ønskjer å auke tal søkjavar per studieplass på fleire utdanningar, ser vi at auken i studentar også er ei utfordring for høgskulen. Det meste av auken har skjedd på eigenfinansierte studentar, og vi opplever no press på både lokale tilsette. Å gjere meir med dei same ressursane går inntil eit punkt, men til slutt vil det bli for mykje å svele unna for organisasjonen. Høgskulen bør redusere talet studentar noko for å trygge kvaliteten i utdanningane våre og arbeidstilhøva for dei tilsette.

### Kompetanse

I kva grad høgskulen klarer å rekruttere og utvikle gode fagfolk vil vere avgjerande for evna til å nå måla våre. Vakante stillingar går ut over arbeidstilhøva for dei tilsette, og det vil lett kunne redusere kvaliteten på både studentoppfølging og forsking. Utfordringar med å rekruttere fagfolk på somme fagområde er i styret si risikovurdering vurdert som eit av tre område der det er behov for særskild oppfølging. Høgskulen har i sine planar for 2020 sett opp fleire tiltak, og høgskulen har også «Rekruttering og utvikling av toppkompetanse» som eit av sine mål i utviklingsavtalen. Eit viktig tiltak er satsinga på intern kompetanseheving. Det gjer vi både gjennom eigenfinansierte stipendiatstillingar, professor- og dosentstipend og andre støtteordningar. Høgskulen har tru på at tiltaka vil gje ønska effekt. Vi har rapportert på dette i utviklingsavtalen i del III.

### Forsking og BOA

HVO er godt kjend med forventningane frå styresmaktene om tett samarbeid med arbeidslivet og auka forsking og BOA-aktivitet. Vi innser at høgskulen enno ikkje har heva seg til det forventa nivået i så måte. På fleire område har vi manglande kapasitet og delvis erfaring til å nå opp i konkurransen om dei store forskingsmidlane. Derimot har vi tett kontakt med arbeidslivet gjennom praksis, etter- og vidareutdanning. For å auke den eksternt finansierte forskinga, må vi sende fleire søknader. Vi prioriterer ressursar til dette framover.

Manglande resultat på forsking kan over tid ha konsekvensar for utdanningane våre, akkreditering, økonomi og omdøme, og dette er det andre risikoområdet med særskild merksemad frå styret. For å bøte på dette har høgskulen identifisert fleire tiltak under delmåla «HVO skal auke tal publiseringspoeng» og «HVO skal auke talet søker til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder», og punktet «Rekruttering og utvikling av toppkompetanse» i utviklingsplanen har auka forskingsinntekter og publisering som sentrale måleparametrar. Sidan 2019 har høgskulen flytta midlar frå premiering av interne FoU-poeng til forskingsgrupper og tiltak for å auke vitskapleg publisering.

Arbeidet med å styrke forskingsaktiviteten ved høgskulen er ei langsiktig satsing og det tek tid før ein ser vesentlege resultat. Eit teikn på at satsinga gjev resultat er ein gledeleg auke i BOA-inntektene på 10 % frå 2018 til 2019. Auken kjem først og fremst på oppdragsprosjekt. Vi har også ein auke i tal søker til nasjonale finansieringskjelder, sjølv om vi førebels ikkje har fått auka tilslag. Talet på publiseringspoeng har også auka, og vi vil jobbe for at vi også får betre utteljing per fagtilsett. På bakgrunn av dette og målretta arbeid med tiltak, har høgskulen trua på at vi skal oppnå betre resultat på forsking og BOA i tida framover.

## Økonomi

Høgskulen i Volda vil dei komande åra få trøngare økonomisk handlingsrom om vi ikkje klarer å auke dei eksterne inntektene. Grunnlovinga har lenge vore låg samanlikna med andre i sektoren. Vi har satsa på livslang læring som no dessverre har fått dårlegare utteljing i finansierungssystemet. Samstundes har HVO store investeringsbehov for moderne utstyr og rom til meir studentaktive læringsformer, og vi har fleire utstyrskrevjande fag. Aukande krav til rapportering og dokumentering gjer arbeidsmengda større. Samla sett gjer dette at vi må prioritere hardt og halde fram med å effektivisere for å halde oppe kvaliteten i primæroppgåvane undervisning og forsking.

Høgskulen har auka tal studentar utan å få tildelt nye studieplassar. Dei siste fem åra har høgskulen auka talet registrerte studentar med 13 %. I same periode har talet på fagleg tilsette auka med 19 % og administrativt tilsette med 2 %. Denne auken kjem i stor grad frå eigenfinansiering, og gjev utfordringar både økonomisk og i form av arbeidspress. «Pressa arbeidskvardag

kan føre til at vi ikkje klarer å handtere kritiske prosessar» er det tredje risikomomentet som styret er særlig merksam på. Sjølv om vi har gjennomført effektiviseringstiltak har arbeidsmengda for dei administrative auka, både i Fellesadministrasjonen og på avdelingane. Også blant dei fagleg tilsette er det fleire fagmiljø som opplever høgt arbeidspress, blant anna på grunn av sjukefråvær og auka del mellombels tilsette i samband med prosjekt og fråvær som følgje av kompetanseheving.

## Unike fortrinn

HVO er ein relativt liten høgskule med eit kompakt høgskuleområde der det er liten avstand mellom studentar, fagmiljø og leiing. Denne styrken nyttar vi til å utvikle gode tverrfaglege tilbod som møter aktuelle behov i samfunnet. Digital kompetanse i læring er eitt av fleire døme på vellukka tverrfagleg samarbeid.

